

# **Retningsliner for tilskot til skogsveger 2022 – Hustadvika kommune**

Fastsett med vising til *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*

## **Krav til veganlegget:**

- Veganlegg med totalramme på byggjearbeid over 500 000 kr, skal konkurranseutsettast.
- Før anleggsarbeidet vert sett i gang skal det føreligge ein byggjeplan godkjent av kommunen. Denne skal leggast ved ein søknad om tilskot.

Vilkår:

- Vegen skal utgjere ein del av det permanente vegnettet.
- Søknaden skal gjelde nyanlegg og/eller ombygging. Det skal vere planlagt snu- og velteplassar.
- Det kan setjast vilkår for utbetaling av tilskot til dei einskilde tiltaka, jf. § 3 i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Vilkåra må vere i samsvar med formålet med tiltaka.

## **Prioriteringsgrunnlaget for tilskot:**

- Ved prioritering av søknader vert det vurdert om vegen er planlagt i tråd med hovudplan eller førebels hovudplan. Skogsbilvegar blir prioritert framfor traktorvegar.
- Løysing av flaskehalsar, snuplassar og tiltak for å få fram tømmerbil av offentleg veg prioriterast.
- Det vert vurdert om vegen vil bidra til å ta vekk grunnlaget for å få bygd ut større samarbeidsprosjekt.
- Samarbeidsprosjekt vert prioritert framfor søknader som gjeld einskildskogeigarar, der det er grunnlag for slike vegløysingar.
- Det vert vurdert om vegen vil utløyse stor aktivitet, nært føreståande, framfor på lang sikt.
- Jordskiftevegar vert prioritert framfor andre vegar som elles vert vurdert likt.

## **Søknad, sakshandsaming og utbetaling:**

- Søknad på skjema SLF-903 skal sendast kommunen for kontroll og prioritering.
- Standard på tilstøytande offentleg veg skal avklarast. Det vert ikkje løyvd tilskot til vegar som er knytt til vegar med så låg bereemne at tilskotsvegen ikkje kan nyttast til føremålet.
- Kommunen handsamar søknadene. Søknadsfrist for første runde er 15. mars. Søknadsfrist for andre tildelingsrunde er 15. august. Etter dette vert det eventuelt fortløpende vurdering av innkomne søknader, dersom det er att midlar.
- Skjema SLF-904 skal brukast ved utbetaling av tilskot

- Kommunen har ansvar for kontroll av at byggearbeidet er gjennomført i tråd med føresetnadene, godkjenning av byggearbeidet og sluttrekneskap.
- Kommunen skal følge opp vilkår som er sett, og i dialog med fylkesmannen setje i verk naudsynte tiltak.

**Tilskotssatsar:**

- Skogsbilveg inkludert snu- og lunneplassar: inntil 50%
- Vegar etter hovudplan eller førebels hovudplan kan få inntil 60% tilskot.
- Lassbærarveg/traktorveg kl 7: 20-40%. Høgaste sats kan berre brukast der vegen seinare vil bli bygd om til skogsbilveg.
- Støtte til dekking av kostnader ved innleie av hjelpe til vegplanlegging/byggeleiing – lik sats som tilskot til vegbygging.
- Ved ei samstemt skogforvaltning kan det unntaksvis løvvast særskild ulempetilskot i samband med klimatilpassing/sikring etter drift. Dette skal avklarast med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.